

Sandøy kommune

Møteinnkalling

Utval: Rådet for likestilling av funksjonshemma

Møtestad: Kommunestyresalen, Sandøy rådhus

Dato: 29.08.2011

Tid: 13:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. Er nokon inhabile i ei sak, må det meldast frå om dette. Vararepresentantar møter etter nærmare melding.

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 11/2	Kommuneplan for Sandøy kommune 2011 - 2023, samfunnsdelen

Det vert fellesmøte med Eldres råd.

Harøy, 19.08.2011

LEIAREN



Dato: 19.08.2011
Arkivref: 2010/126-0 / 140

Saksbeh.: Lasse Larsson Fjortoft

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
11/2	Rådet for likestilling av funksjonshemma	29.08.2011

Kommuneplan for Sandøy kommune 2011 - 2023, samfunnsdelen

Vedlegg:

- 1) Framlegg til Sandøy kommune sin kommuneplan, samfunnsdelen

Framlegg til uttale:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sandøy kommune rår til at framlegget til kommuneplan, samfunnsdelen, vert vedteken slik han ligg føre.

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

I budsjettet sin handlingsplan for 2010 vedtok kommunestyret at arbeidet med kommunen sin kommuneplan skulle iverksetjast påfølgjande driftsår .

Som ein følge av det, vedtok dei folkevalde 16. juni ei oppstartmelding samt å sende planprogrammet ut på høyring. I forkant hadde politisk og administrativ leiing søkt rådgjeving hos ulike fagmiljø. Særleg fylkesmannen bidro konstruktivt.

Innan høyringsfristen, den 12. august, var det innregistrert 4 kommentarar/innspeil.

Kommunestyret slutthandsama planprogrammet i møte 22. september, og ga klarsignal om å starte arbeidsprosessen, først med samfunnsdelen, som omfatta følgjande satsingsområde:

- 1) Næringsutvikling
- 2) Det gode livsløpet
- 3) Samferdsel/infrastruktur
- 4) Regional rolle/interkommunale relasjonar
- 5) Kultur og miljø
- 6) Kommunal velferdsutvikling
- 7) Arealforvaltning og utbyggingsmønster

Formannskapet vart valt til styringsgruppe, medan ordførar, rådmann og prosjektansvarleg utgjorde plangruppa, som innebar det daglege prosessansvaret.

Utover hausten vart det gjennomført ulike spørjeundersøkingar og diskusjonsseminar.

Den breiaste anlagte retta seg mot alle innbyggjarane, både i papirformat og elektronisk på kommunen si heimeside.

Eit utval skuleklassar, samt Ungdommens kommunestyre, gjennomførte det som ein i meir vitskapleg samanheng kan kalle ei slags foresight-analyse. Denne informasjonen vart såleis nytta i det vidare arbeidet.

Tidleg på nyåret 2011, 19. januar og 16. februar, sette eit utvida kommunestyre seg i stemne, og gjennomførte engasjerte framtidssamtalar, gruppert etter satsingsområda. Fram til eit ope folkemøte, 16. mars, med Jørgen Amdam som invitert synsar og ”provokatør”, hadde alt grunnlagsmateriellet blitt redigert og gjort presentabelt for ålmenta.

Utkastet til kommuneplanen sin samfunnsdel vart, etter vedtak i kommunestyret 14. april, sendt ut på høyring, med frist for kommentar sett til 25. mai. 14 instansar og privatpersonar responderte på høyringa. Viktige bidrag til å kvalitetssikre dokumentet, sjølv om enkelte innspel retta seg mot det framtidige arbeidet med planen sin arealdel.

I løpet av sommarmånadene har det blitt arbeidd med å redigere om plandokumentet, basert på dei mest framtrekkjande, relevante og føremålstelege bidraga.

VURDERING

Sandøy kommune har med dette plandokumentet gjort eit visst kvantesprang for å kunne ta hand om si eiga framtid og si eiga ønska utvikling. Arbeidsgruppene sin vilje til å skape velferd, trivsel, gode, stabile livsvilkår for alle kategoriar innbyggjarar, til å legge til rette for næringsutvikling, robust infrastruktur, samhandling og samarbeid gjennom delmål og tiltak, vitnar om offensivitet og optimisme. Matriseoppsettet er ei ambisiøs framtidssamtale som vil skape store utfordringar, både arbeidsmessig og økonomisk. Men heller det enn ikkje å våge, ikkje å vinne.

Slik kommuneplansystemet fungerer, vil denne overordna planen utløse behov for fleire delplanar som vil og skal meir konkret angi retning og tidshorisont for tiltak som skal setjast i verk. Dette arbeidet vil og krevje sitt for å skape gode, realistiske styringsreiskapar.

ØKONOMISKE KONSEKVENSNAR

Det er først når planverket med sine delmål og tiltak skal realiserast at spørsmålet om finansiering og økonomi melder seg

KONKLUSJON

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne rår til at samfunnsdelen til Sandøy kommune sin kommuneplan vert vedteken slik han ligg føre.

Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann

Utskrift:
Sandøy kommunestyre